

Aage Vagleik Nyhammer
Kubbaleitet 18
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15294 - 20/73514

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
17.11.2020

Registrert avvik i septiktank, førehandsvarsel om krav om tilknytning kommunalt avløpsanlegg - gbnr 137/128 Alver

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 137/128
Tiltakshavar: Aage Vagleik Nyhammer

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 07.09.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Kubbaleitet 18 , 5916 Isdalstø. Lågt nivå i septiktanken tyder på at det er lekkasje frå tanken og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det ligg kommunale hovudleidningar for vatn og avløp i nærleiken av eigedommen din med gbnr 137/128.

Kontakt avdeling for veg, vatn og avløp med spørsmål i høve til å kople eigedomen på kommunalt vatn- og/eller avløpsnett. Den vedlagte kartskissa viser leidningsnettet i området.

Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg

I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leidningane.

Grunneigar må sjølv kosta private stikkleidningar og må betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ, sjå vedlegg.

Alver kommune vurderer at eigedomen din fell inn under føresegna om tilknytingsplikt til det kommunale vass-/ og eller avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 27-2.

Frist for å kople seg til det kommunale vass- og/eller avløpsanlegget er **20.03.2021**.

Dette er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg **innan 10.01.2021**, vil vi fatte vedtak om krav til tilknytning til det kommunale VA-anlegget med same frist for tilkobling som i dette varselet.

Dine rettår:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veke** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Kva må du gjere vidare

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkje om tilknytning til kommunalt vass- og/eller avlaupsanlegg, og eventuelt utbetring av avvik i septiktanken før eigedommen er kopla til kommunalt anlegg.

Dersom vi ikkje får inn melding om at eigedommen din er kopla til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg innan fristen over, kan vi gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt.

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Tilknytingsplikta følgjer av plan- og bygningslova § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse GBNR 137-128
Vass og avløpsgebyr 2020 alver kommune

Mottakarar:

Aage Vagleik Nyhammer

Kubbaleitet 18

5916 ISDALSTØ